



Godkjent i SU 08.10.2024

## VEDTEKTER FOR HAUGLAND GARDBARNEHAGE AS

### § 1. Eigarforhold

Haugland gardsbarnehage AS er ein privateigd barnehage og eigar er Kathrine Eide Haugland.

### § 2. Formål

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal drivast i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar
- b) Kunnskapsdepartementet sine fastsette forskrifter
- c) Nasjonal rammeplan
- d) Barnehagen sine vedtekter
- e) Barnehagen sin årsplan

Barnehagen skal i nært samarbeid med heimen gje deltakande barn eit miljø som sikrar barna individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfolding og læring. Barnehagen skal ha fokus på nærkontakt med dyr og garden som læringsarena.

### § 3. Opptak.

3.1 Haugland gardsbarnehage AS sin opptakskrins er Time kommune.

3.2 Det er eit hovudopptak til barnehagen. Hovudopptaket er i perioden 1.3 til 31.mai. Søknadsfrist er 1.mars.

3.3 Opptak av barn skjer i samsvar med kriterium for samordna opptak som er sett i Time kommune

#### 3.4 Prioriteringar

a) Barn med funksjonshemming skal ha prioritet ved opptak dersom barnet etter sakkunnig vurdering er funne å kunne ha nytte av opphald i barnehage. (jfr. § 13 i Lov om barnehagar).

Barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barnevernstenester §§ 4 – 12 og 4 – 4. (jfr. 7 – 2 første ledd).

#### b) Søsken:

- Søsken av barn som går i barnehagen har prioritet ved opptak uavhengig fødselsdato.
- Skal barnet som går i barnehage starta på skulen ved nytt barnehageår, beheld ein søskenprioriteten.
- Yngre søsken til nye søkjarar som får plass ved opptak, har prioritet ved lovfesta rett til plass.

- c) Eigar kan gje plass til barn av eigne barn uavhengig av bustadkommune
- d) Barn som skal gå siste år i barnehage før skulestart og som ikkje har barnehageplass, eller som ikkje har plass i sitt nærskuleområde.
- e) Det skal fordelast jamnast mogleg på alder i dei ulike gruppene, aldersgrupper kan verta prioritert ved opptak.
- f) Dersom det er 60 % eller meir av 1 kjønn i gruppene, kan motsett kjønn prioriterast for å få betre kjønnsbalanse i gruppene
- g) Barn busett i Time kommune
- h) Søkjarar frå andre kommunar

3.5 Tildelt plass gjeld fram til 14.8 det året ein fyller 6 år. Ein treng ikkje søka om plass for kvart år.

3.6 Barnehagen tilbyr fulltids plassar – 5 dagar pr. veke

#### **§ 4. Opningstid**

##### 4.1

- Nytt barnehageår startar 15.august
- Barnehagen er open frå 07.00-16.30 fem dagar i veka.
- Ingen barn kan vera meir enn 9 timar dagleg. Barna skal leverast og hentast innanfor den fastsette opningstida.
- Det er 5 planleggingsdagar i året der barnehagen er stengt.
- Barnehagen er stengt julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

##### 4.2

- Barna skal ha 5 veker ferie
- 3 av desse skal vera samanhengande i tidsrommet 15.juni til 14.august.
- Barnehagen er stengt dei to siste vekene i juli (same veker som Time kommune)
- Skulestartarar må avvikla ferie i barnehagen FØR oppstart i SFO, slik at ein sikrar at barn får ferie.
- Planleggingsdagar reknast som ferie
- Ferie skal meldast inn på KidPlan 2 veker før ferien skal avviklast.

#### **§ 5. Samarbeidsutval og foreldreråd**

Det skal veljast eit samarbeidsutval med denne samansetjinga:

1. Eigar
2. Personalet
3. Foreldre (2 medlemmar valt for to år)

Alle medlemmane har teieplikt.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen

#### **§ 6. Betaling**

- Barnehagen har maksimalpris ut frå nasjonale satsar. Prisen vert indeksregulert kvar januar.
- Matpengar, barnehagen følgjer Time kommune sine matpengesatsar
- Det er 30 % syskenmoderasjon og 100 % moderasjon for meir enn to barn i barnehagen.
- Det er 11 betalingsmånader. August er betalingsfri.
- Ved manglande betaling mister barnet plassen sin.

- Ein må betala ut barnehageåret om plassen vert sagt opp 1.mars eller seinare. Det er 3 månaders oppseiingstid.

**§ 7. Leike- og opphaldsareal per barn**

Netto 4 kvm per barn over 3 år og netto 5,2 kvm per barn under 3 år som hovudregel for arealutnytting

**§ 8. Forsikring**

Barna er ulykkesforsikra heiltid i Gjensidige forsikring gjennom avtale med PBL (Private barnehagers landsforbund). Dette gjeld ikkje for tap av personlege eigendelar.

**§ 9. Internkontroll/HMS**

Barnehagane er omfatta av forskrift om internkontroll. Det skal finnast dokumentasjon for internkontrollsystem i kvar barnehage.

**§ 10. Barnas helse**

Før barnet begynner i barnehagen skal det leggjast fram erklæring om barnets helse. Dersom baret har møtt til ordinær undersøking på helsestasjon kan ei slik erklæring verta gitt av føresette.

**§ 11. Teieplikt og meldeplikt**

For alle tilsette i barnehagen gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§13 og 13f. Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet jf. Barnehagelova §22

**§ 12. Revisjon av vedtekter**

Dagleg leiar og eigar kan endra vedtektene. Endringa skal godkjennast av samarbeidsutvalet.